



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16745 - 21/3776

Saksbehandlar:
Are Frøysland Grande
are.froysland.grande@alver.kommune.
no

Dato:
19.01.2021

Oversender søknad til uttalelse - gbnr 124/29 Kjeilegavlen

Tiltak: oppføring av hytte
Byggjestad: Gbnr: 124/29
Tiltakshavar: Oddgun Keilegavlen Grane
Ansvarleg søkjar: Kaland Trelast AS

Etter gjennomgang av delingssaken som blei gjennomført i 2014 kjem det fram at saka vart sendt på høyring til regional mynde i brev datert 03.12.2014. Det kjem ikkje fram i vårt system at Vestland Fylkeskommune eller Statsforvaltaren i Vestland har komme med uttale i saka. Det er i vårt system heller ikkje dokumentasjon på at vedtaket er sendt til klagevurdering hjå Statsforvaltaren i Vestland ved positivt vedtak i PMU sak 007/15 datert 04.02.2015. Dette til orientering.

Dagens søknad omfattar søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet og plan- og bygningslova § 1-8 for oppføring av hytte og for etablering av tilkomstveg til frådelt hyttetomt. Eigedommen ligg innanfor «Den Indre Farlei».

Tiltaket er nabovarsla og det ligg ikkje føre merknadar.

Planstatus


Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen for Lindåsneset med Mongstad er definert som LNF-område.

VURDERING

Dispensasjon

Arealføremål

Eigedommen er i gjeldande kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad avsett til LNF-føremål.



Figur 1 Gjeldande kommunedelplan



Figur 2 Ortofoto

Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet for bygging av fritidsbustad på gbnr 124/29 og tilkomst veg til eigedommen delvis over gbnr 124/2. Tiltaket omfattar også fylling / planering av eksisterande tomt.

I søknaden om dispensasjon for oppføring av fritidsbustad er det lagt vekt på at tomta ligg i utkant av eksisterande beiteområde, har god terrengtilpassning og er fortetting av eit område med eksisterande fritidsbustad. I høve til omsøkt veg, er det lagt vekt på at ny tilkomstveg for hyttetomta også vil bli nytta av grunneigar for tilkomst til beiteområde.

Avstand frå sjø

I søknaden kjem det fram at eigedommen ligg ca. 60 m frå sjø med fjellhammar og ein fritidsbustad mellom. Vidare er det opplyst at tiltaket vil ligge på bart fjell i dagen og fylling mot sjø vil bli tilsådd. Tiltaket vil ikkje få konsekvensar for dyrelivet og ligg i utkanten av hovedbruket.

Sjå veldegg for utfyllande dispensasjonssøknad.

Veglova

Det er søkt om utvida bruk av avkøyrsløp til Alver kommune.

Andre tilhøve

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Are Frøysland Grande
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Dispensasjon

Situasjonsplan keilegavlen

Tegning Ny Plan

Situasjonsplan vann og avløp

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 124/29 Kjeilegavlen

Avslag på deling av grunneigedom - gbnr 1242 Keilegavlen - tre tomter til fritidsbustad (L)(63788)

Gbnr 1242 Keilegavlen - Melding om vedtak i Plan- og miljøutvalet (L)(66132)

Kopi til:

Kaland Trelast AS	Keilevegen 45	5953	FONNES
-------------------	---------------	------	--------

Mottakarar:

Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN